

PRESSEMELDING
KORONASITUASJONEN
Volda kommune 17.03.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Koronaviruset – Voldasamfunnet i nedefase for å redusere sosial kontakt

Følg påboda og råda frå helsemyndigheitene. Det er viktig med kunnskap blant innbyggjarane for å forstå alvoret, slik at du kan gjere det du kan for å hindre og forseinke smittespreiinga. Du finn råd på kommunen si heimeside og Folkehelseinstituttet sine sider. Følg vidare med i dei lokale media som gjer ein god og viktig jobb for å få ut god informasjon.

Ikkje påvist smitte i Volda enda. Sjølv om vi ikkje har påvist tilfelle av koronaviruset i lokalmiljøet, betyr ikkje det at smitten ikkje alt er her. Det synest som innbyggjarane tek dette på alvor og tek forholdsreglar for å unngå smitte og redusere smittespreiing. Håpet er derfor at utviklingsforløpet kan handterast innanfor helsevesenet sin kapasitet. Her må du vere med og hjelpe til - hald fram med å ta ansvar. Hugs at dette viruset (Covid 19/korona) er så aggressivt smittsamt, at dersom innbyggjarane har fysisk kontakt eller slurvar med handvask og hygiene, så kan viruset spreie seg svært raskt.

Ikkje utvida karantene ved reise utanfor fylket. Enkelte kommunar har ved lokale vedtak utvida karantene for dei som har reist utanfor Møre og Romsdal. Volda har så langt valt å følgje dei nasjonale pålegga og råda for karantene. Vi meiner at regionale eller landsdekkjande tiltak bør kome frå Helsedirektoratet som samordna tiltak. Det vil også ha større effekt.

Digital undervisning. Kulturskulen og grunnskulen held digital undervisning.

Frivillig innsats. Volda kommune registrerer den frivillige innsatsen for å hjelpe folk som treng ei utstrakt hand til handling mv. Dette er svært bra. Vi er så heldige at det er ca 90 personar som har meldt seg for å stille opp og dekkje opp helsepersonellfunksjonar dersom vi treng reserver framover. Dette set vi svært stor pris på, og de vil verte kontakta når behovet kan melde seg.

Fakturering. Volda kommune vil ikkje fakturere for tenester vi ikkje leverer.

Når det gjeld brukarbetaling for SFO og barnehage på dagane fram til vedtak om stenging i mars vil vi avvente fakturering. Vi har også fått spørsmål om det vert innkrevd eigedomsskatt. Dette har ikkje vore diskutert, og det vil handle om overordna prinsipielle spørsmål knytt til statleg ansvar for finansiering av konsekvensane av denne krisa både for private og kommunane.

Minner om lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje helsestasjonen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvar dagar.

Nasjonal informasjonstelefon om koronaviruset: 815 55 015

Takk til dei tilsette. Volda kommune held krisestaben operativ. Sjølv om det er utfordringar, opplever vi så langt å ha situasjonen under kontroll. Dette skuldast ein god organisasjon med svært dyktige medarbeidarar som står på for innbyggjarane.

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.

